



Ulla Skulehus

Skjapa 11. april 2009

Haramsøy

Bygd i 1886

Molde, 20. februar 2017

Til medlemmene i Ulla Skulehus

BETALING AV ÅRSKONTINGENT FOR 2017

Det er tid for innbetaling av årskontingent for 2017. Årsmøtet i 2016 vedtok å auke kontingenten fra kr 300 til kr 500 for voksne og uendra kr 100 for barn/ungdom til og med fylte 25 år.

Kontingent for voksne: kr 500

Kontingent for barn/ungdom: kr 100

Bankkonto: 3910 37 31368

VIPPS: Ulla Skulehus

Merk betalinga med namn.

Ulla Skulehus v/Knut Hallvard Ulla
Bjønnan 64
6410 Molde.

Vi har i dag 80 medlemmer i laget. Sjå vedlagte medlemsliste. Vi håper at alle vil halde fram som medlem sjølv om kontingenten er auka for voksne. Grunnen til auken er at vi treng pengar til standardheving av skulehuset. Som mange kjenner til, er vi ferdige med innlegging av vatn og avløp, wc er på plass og likeså kjøkken med varmtvassstank. Neste prosjekt som står på planen, er å leggje inn elektrisk straum. Vi tek sikte på å kome i gong med dette etter påske i år. Skulehuset har allereie blitt brukt til for eksempel jubileumskonsert (130 år) i august, juleforestilling for barn i desember og julebord i desember 2016. Når vi får på plass elektrisitet, vil huset bli fullt ut funksjonelt til arrangement og utleige til selskap og liknande. Vi har alt fått spørsmål om utleige til selskap.

Med berre 22 fastbuande på Ulla har vi eit imponerende medlemstal på 80. Det er svært viktig å oppretthalde den store oppslutninga om skulehuset for å kunne ta vare på og bruke huset til beste for alle. Vi håper derfor at du framleis vil støtte skulehuset som medlem og deltakar på kulturelle arrangement og som brukar av huset. Det er fint om du også kan bidra til å verve nye medlemmer.

Vi håper at du kan betale kontingenten innan 31. mars 2017.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2017

Sjå neste side.



Ulla Skulehus

Skjopa 11. april 2009

Haramsøy

Bygd i 1886

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2017

Styret kallar samtidig inn til årsmøte for Ulla Skulehus.

Laurdag 27. mai 2017 kl 1300

Møtestad: Ulla Skulehus

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll
3. Godkjenning av årsmelding 2016/2017 (blir lagt ut på ullanett.com og facebook)
4. Godkjenning av rekneskap og revisjonsmelding 2016/2017 (blir lagt ut på ullanett.com)
5. Planar og årskontingent
6. Reglar for utleige
7. Val av styremedlemmer (Knut og Peder er på val. Randi er ikkje på val)
8. Innkømne saker

Dersom du har framlegg til andre saker, må dei meldast til styreleiar før årsmøtet.

Med helsing

Knut Hallvard Ulla
Styreleiar og kasserar



ULLA SKULEHUS

Reglar for utleige

Vedtak på årsmøte i 2017

1. KVEN KAN LEIGE SKULEHUSET - ANSVAR

Ansvarleg person som skal leige skulehuset, må vere over 20 år. Den som er ansvarleg person, må passe på god orden og åtferd i og rundt skulehuset i leigeperiden. Den som leiger skulehuset, er ansvarleg for skade som måtte oppstå på huset eller inventar. Eventuell skade skal erstattast.

2. PRISLISTE – BETALING AV LEIGE

Leige av lokalet til selskap, arrangement: kr 1000. Medlemmer: kr 500.

Leiga skal betalast på forskot til bankkonto 3910 37 31368. Eller VIPPS: Ulla Skulehus.

Bruk av alt utstyr på kjøkenet er inkludert i husleiga.

3. FØR BRUK

Sjekk opp at alt er i orden før du tek i bruk lokalet. Eventuelle manglar skal meldast til utleigar.

4. ETTER BRUK

Bord, stolar og benkar skal reingjerast, stablast og setjast på plass. Klasserom, kjøken, gang og wc skal vaskast og ryddast. Leigetakar skal passe på at alt lys og varmovnar er slått av og at utdøra er låst. Utstyr til reingjering står på wc-rommet. Leigetakar må sørge for at all oppvask på kjøkenet er utført.

5. SØPPEL

Alt søppel skal samlast i søppelsekkar og tømast i avfallsdunkar ved småbåthamna.

6. ALKOHOL OG RØYK

Det er ikkje lov å selje alkoholhaldig drikke på skulehuset. Røyking er forbode inne. Bruk askebeger ute.

7. LYKJEL

Lykjel blir utlevert etter avtale. Den skal leverast tilbake så snart arrangementet er ferdig og pliktene i desse reglane er oppfylte.

8. AVSLUTNING AV ARRANGEMENT

Alle arrangement skal avsluttast kl 0200 på fredagar og laurdagar, og kl 2400 andre dagar.